



Bergen og Omegn Havnevesen

Dato: 20.08.2015
Vår ref.: 2015/3286-4
Saksbehandlar: einhuns
Dykkar ref.:

Tilsegn til forlenging av miljøsam arbeidet i Bergen hamn

Klimaplantilsegn nr. 8-2015

Vi viser til dykkar søknad datert 12.03.15. Vi er glad for å melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 500 000 til utviding av prosjektet «Landstraum, miljøplan og differensierte hamneavgifter i Bergen hamn».

Tilskotet er ein del av fylkeskommunen sin strategi for overgang til transportmidlar med lågare eller null utslepp jamfør Klimaplan for Hordaland 2014 – 2030 og inngår i Handlingsprogram 2015 som tiltak 5.9. Sjå saksprotokoll frå politisk handsaming heilt til slutt i dette dokumentet.

Tilsegna vert utbetalt etter innsending av signert akseptskjema og gjeld til 01.12.15.

1. Prosjektplan og -organisering

Sjå søknaden. BOH gjer framlegg om å vidareføre prosjektet saman med Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune og BKK, i minimum eitt år frå sluttrapportering av gjeldande prosjekt.

2. Godkjende kostnader og godkjend finansieringsplan

Godkjende kostnader

lønnskostnader	kr	1 000 000
Andre konsulenttenester	kr	500 000
Reiser og møte	kr	50 000
Anna	Kr.	50 000
Totalt	kr	1 600 000

Godkjend finansieringsplan

Bergen og Omland Havnevesen	kr	500 000
Bergen kommune	kr	500 000
Hordaland fylkeskommune, Klimabudsjettet	kr	500 000
BKK	kr	100 000
Totalt	kr	1 600 000

3. Vilkår for tilskotet

Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.

Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektplan. Det er ein føresetnad at prosjektet vert finansiert slik godkjend kostnads- og finansieringsplan ovanfor viser. Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønnsmessig avkorta, eller krevjast betalt tilbake.

Tilsegnsnittakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Profilering

I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsnittakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

Rapportering

Så snart prosjektet er avslutta skal tilsegnsnittakar sende sluttrapport til fylkeskommunen. Dette gjeld for alle prosjekt.

Sluttrapporten skal seie noko om:

- Bakgrunn for prosjektet
- Mål med prosjektet
- Oppnådde resultat
- Vurdering mot oppsette mål
- Oppsummering av prosjektarbeidet (organisering, sterke/svake sider ved prosjektet, ikkje planlagde resultat, informasjon m. v.)
- Eventuell vidareføring av prosjektet

Fylkeskommunen ber om årleg oppfølgingsrapport som omfattar:

- Effekt av prosjektet
- Bruk av installasjonar

Utbetaling og rekneskap

Tilskotet blir utbetalt når signert akseptskjema er motteke. Når prosjektet er avslutta skal tilsegnsnittakar sende sluttrapport med sluttrekneskap til fylkeskommunen.

Revisor skal attestere sluttrekneskapan for tilsegna.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

4. Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

5. Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er Einar Aalen Hunsager, e-post ainar.aalen.hunsager@hfk.no, telefon 55 23 93 22.

Fylkeskommunen ønsker lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Gudrun Mathisen
klima- og naturressurssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Inge Tangerås
Even Husby
Utbetalingsansvarleg RA HFK

Vedlegg

- 1 Akseptskjema - Tilsegn til forlenging av miljøsam arbeidet i Bergen hamn
- 2 Sluttrekneskapskjema - Tilsegn til forlenging av miljøsam arbeidet i Bergen hamn

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke

Vedtak

Fylkesutvalet løyver kr. 500 000 til forlenging av miljøsam arbeidet i Bergen hamn. Midlane vert tatt frå klimabudsjettet for 2015.